

Norsk Ordbok 2014

ÅRSRAPPORT 2004

Blindern 2. februar 2005

Innhold

1. Organisering.....	4
2. Lokalisering	5
3. Personale	5
4. Redigering.....	5
5. Metaordboka	6
6. Målføresynopsisen	7
7. Forbetring og utviding av tilfang.....	7
8. Redigeringsprogram.....	8
9. Nynorsk tekstkorpus	10
10. Blyanttilskrifter i Grunnmanuskriptet.....	10
11. Redigeringshandbok	11
12. Formidling og informasjon	11
13. Kompetanseutvikling	12

Vedlegg

Vedlegg 2. Publikasjonar og føredrag i 2004

Vedlegg 3. Presseoppslag og annan fagleg aktivitet

Norsk Ordbok 2014

Årsrapport 2004

Norsk Ordbok 2014 legg med dette fram årsrapport for 2004. På nytt må vi konkludere med at det har vore eit svært krevjande år, men krava som har vorte stilte til oss, har vi greidd å innfri, og 2004 markerer eit gjennombrot for den nye digitalt baserte redigeringsmåten.

Hovudmålet for 2004 var å greie å levere manuskriptet til band 5 til forlaget før jul. 15. desember vart manuskriptet oversendt. Produksjonsplanen vart lagd før vi fekk tildelinga frå Stortinget for 2003 og 2004, og sidan opptrappingsplanen ikkje vart følgd opp av Stortinget i tildelingane desse to åra, har det å halde produksjonsplanen vore ei tøff utfordring som har gått ut over andre oppgåver.

Parallelt med redigeringa har vi i og med band 5 etablert ein ny produksjonsmåte for ordboka. Hovudmålet var å ha ferdig eit digitalt redigeringsverktøy som gjorde det moglege å skrive artiklane rett inn i ein elektronisk database, og dessutan greie å produsere manuskriptet til band 5 på grunnlag av denne databasen. Dette målet har vi med stor innsats frå Eining for digital dokumentasjon (EDD) greidd å nå. Redigeringsapplikasjonen skulle etter planen også ha blitt utbygd med ein sorteringsfunksjon og eit administrativt system, men desse tilleggsfunksjonane har på grunn av ressursituasjonen blitt prioritert ned i forhold til den grunnleggjande funksjonaliteten som var avgjerande for manusproduksjonen. Vi og EDD har dessutan brukt meir tid enn vi hadde tenkt på det typografiske kodingssystemet, men resultatet er til gjengjeld meir avansert og meir tidssparande enn det vi hadde sett for oss, for på grunnlag av databasen produserer vi no automatisk ferdig fotosats.

I samband med spesifiseringa av typografien, har vi revidert heile satsbiletet til Norsk Ordbok. Band 5 er som resultat blitt meir brukarvennleg enn dei første fire banda. Blant dei nye verktøya som vart spesifiserte i årsplanen for 2004, var ei revidert redigeringshandbok og ei nyskriven brukarretteiing. Sjølv om vi no har ei godt brukande digital redigeringshandbok, er handboka ikkje heilt ferdigstilt. Ny brukarretteiing er ikkje utarbeidd. Dette arbeidet har blitt nedprioritert på grunn av ressursituasjonen. På den andre sida viste det seg at den nye redigeringsapplikasjonen kravde at vi utarbeidde ein omfattande manual til hjelp for brukarane, og denne retteiinga som ikkje var nemnd i årsplanen, er utarbeidd i 2004.

Når det gjeld utviding og forbetring av tilfang, ligg vi litt etter måla som vart sette opp i årsplanen. Nynorskorpuset var t.d. på 20.5 millionar ord og ikkje 30 millionar ord ved utgangen av 2004, men det inneber likevel ei vesentleg styrking av det empiriske grunnlaget for ordboka. Anna arbeid med utviding og forbetring av tilfang er spesifisert i rapporten nedanfor; det same er arbeid med formidling og kompetanseoppbygging.

Prosjektet flutte til nye lokale i juni. Dette kravde stor administrativ innsats.

Årsrapporten nedanfor følgjer disposisjonen i årsplanen. I nokre tilfelle viser vi til resultat som årsplanen ikkje hadde føresett, men som likevel viste seg å vere viktige milepålar undervegs. Desse resultatata er førde i høgre kolonne utan noko motsvar i venstre kolonne.

1. Organisering

Mål 2004	Resultat
a) Å halde oppe strukturen med fleire redaksjonsgrupper og éi leiargruppe.	Vi har hatt ei leiargruppe med dei same sju medlemmene heile året. Vi hadde tre redaksjonsgrupper fram til og med august 2004, frå og med september har vi hatt fire. Dei fire gruppeleiarane, Olaf Almenningen, Oddrun Grønvik, Tor Erik Jenstad og Dagfinn Worren, sit i leiargruppa. Det same gjer Kristin Bakken, Laurits Killingbergtrø og Lars S. Vikør.
b) Vi vil setje i gang opplæring innafor ramma av ei ny redaksjonsgruppe hausten 2004.	Opplæringa av tre nye redaksjonsassistentar tok til i september, og dei vart organiserte i ei eiga redaksjonsgruppe. Oddrun Grønvik har leidd gruppa i haust.
c) Anna verksemd vert organisert i ad hoc-grupper så lenge arbeidet varer. I 2004 vil vi ha ei taggegruppe, ei ordsamlingsgruppe, ei testargruppe og ei metaordboksgruppe.	I 2004 har vi hatt ei taggegruppe, som har arbeidd med korpuset (Anneke Askeland, Hege Hellum, Jan O. Henriksen, Cecilie Hauglund), to personar hadde ordsamlingsarbeidet som fast oppgåve i vårsemesteret (Åshild Haugslund, Berit Oksfjellelv), ei testargruppe på tre personar, som hjelpte til med ferdigstillinga av programmet vinteren og våren 2004 (Anne Engø, Helge Gundersen, Ålov Runde), og ei metaordboksgruppe, som har hatt éin person på heiltid fram til og med august (Solveig Rekdal), og to personar som har arbeidd til saman ca. 4 månadsverk (Astrid Nilsen-Nygaard, Dagfinn Rødningen).
	Magne Myhren gjekk av for aldersgrensa 31.12.04.

2. Lokalisering

Mål 2004	Resultat
a) Å arbeide for å sikre prosjektet eigna og permanente lokale ved Det historisk-filosofiske fakultet i Oslo.	Prosjektet flytta inn i nye lokale i Gaustadalleen 25 i slutten av juni. Vi har alt i alt fått større og meir høvelege lokale enn det vi hadde før.

3. Personale

Mål 2004	Resultat
a) Å tilsetje ein ny redaksjonsassistent i engasjement frå og med august 2004.	Dagfinn Rødningen vart tilsett 1.8.04.
b) Å lyse ut fleire nye redaksjonsassistentstillingar etter at statsbudsjettet vert lagt fram i oktober 2004.	Vi lyste ut til saman seks redaksjonsassistentstillingar i oktober 2004 med tilsetjing i 2005.
c) Å ev. forlengje eitt eller fleire assistentengasjement ut over 30. juni om revidert budsjett gjev rom for det.	Vi forlengde fire assistentengasjement ut året.
d) Om vi får eit godt budsjett i oktober 2003, bør vi anten ved eiga utlysing eller ved ei auka overføring til EDD styrkje IT-sida til prosjektet.	Budsjettet var ikkje godt nok til at vi kan prioritere å styrkje IT-sida ved eigne stillingar eller ved større overføringar til EDD. Stoda er likevel betra ved at Seksjon for leksikografi og målføregransking hausten 2004 lyste ut ei ingeniørstilling med ansvar for dei digitale samlingane (både bokmål og nynorsk).

4. Redigering

Mål 2004	Resultat
a) Å ha manuskriptet til band 5 prenteferdig til 1. desember	Vi leverte manuskriptet til Samlaget 15. desember.
b) Å redigere og lese gjennom (ved redaktørane sjølve) <i>h</i> -manuskripta til 1. mai (45 trykksider redigering, meir til lesing)	Dette greidde vi.
c) Å redigere ferdig <i>i</i> - og <i>j</i> -manuskripta til 30. juni (133 trykksider)	Sju av redaktørane var ferdige med sine bolkar til 1. september, to redaktørar leverte 15. september og éin 30. september.
d) <i>H</i> -manuskripta må vere lesne av hovudredaktøren til 30. juni (325 sider)	Hovudredaktøren hadde lese alle <i>h</i> -manuskripta til 20. august. (Han var sjukmeld i seks veker på våren.)

e) <i>H</i> -manuskripta må vere ferdig sitatkontrollerte til 30. juni (213 trykksider).	H-manuskripta var ferdige til 30. juni.
f) Vi bør vere i gang med typografikoding av <i>h</i> -manuskript i løpet av februar, det gjeld også manuell koding for spesialteikn.	Vi gjekk inn for å setje heile band 5 på grunnlag av databasen, dvs. at EDD tok på seg å utarbeide ein typografifunksjon for oss. Arbeidet med denne funksjonen kom ikkje i gang før i juni, og heilt ferdig var ikkje funksjonen før i desember 2004. Dermed kom vi ikkje i gang med koding for spesialteikn i <i>h</i> -manusa før i september 2004.
g) Spaltekorrektur av <i>h</i> bør ha kome i gang til 1. mai	Spaltekorrekturen måtte vente på typografifunksjonen, og dermed kom ikkje korrekturen i gang før 17. september.
h) Spaltekorrektur og oppretting av <i>h</i> bør vere ferdig til 30. november (534 trykksider).	Første spaltekorrektur og oppretting av <i>h</i> var ferdig til 15. november. Vi las andrekorrektur og gjorde konsistensrettingar heilt fram til 10. desember.
i) <i>I</i> - og <i>j</i> -manuskripta bør rettast opp, ev. nedkortast og matast inn i programmet før 30. juni.	Alt som var ferdigredigert til 1. juli, låg då ferdig oppretta i databasen.
j) Gruppeleiarane bør ha lese gjennom <i>i</i> - og <i>j</i> -manuskripta til 30. juni (266 sider).	Alt som var ferdig redigert, var lese av gruppeleiarane til 1. juli.
k) Hovudredaktøren, ev. med ein hjelpar, bør ha lese gjennom <i>i</i> - og <i>j</i> -manuskripta til 15. oktober (266 sider).	Hovudredaktørlesing og oppretting av <i>i</i> - og <i>j</i> -manuskripta var ferdig til 10. november.
l) I perioden 1. september–30. november skal det lesast spaltekorrektur og gjerast oppretting i <i>i</i> - og <i>j</i> -manuskripta.	Spaltekorrekturen kom i gang ca. 1. november. Førstekorrektur var ferdig til 1. desember. Vi las andrekorrektur og gjorde konsistensrettingar fram til 10. desember.
m) Manuskripta til <i>i</i> og <i>j</i> må sitatkontrollerast i perioden 1. juli–15. oktober.	Sitatkontrollen her var ferdig 12. november.
n) Før 1. desember bør ein ha dimensjonert band 6 og kome i gang med å redigere under bokstaven <i>k</i> .	Band 6 vart dimensjonert, og det vart fyrstegongsredigert 75 trykksider av <i>k</i> før jul.

5. Metaordboka

Mål 2004	Resultat
a) Innan 30. juni bør Metaordboka vere ajourført til og med <i>bo</i> -. Éin person i halv tid arbeider med MO i denne perioden.	Til 30. juni var éin person (Solveig Rekdal) komen til <i>bu</i> -, og den andre (Astrid Nilsen-Nygaard) var ferdig med <i>c</i> og hadde kome til <i>da</i> -. Noko etterakst stod att både på <i>a</i> -

	og <i>b</i> -.
b) I perioden 1. september–30. desember bør Metaordboka vere ajourført til og med <i>di</i> -. Tre personar i 25–50 % arbeider med MO i denne perioden.	Status i desember er at Solveig Rekdal, Dagfinn Rødningen, Astrid Nilsen-Nygaard og Hege Hellum til saman har gjort ferdig a og b fram til <i>b</i> Ø-, <i>c</i> er ferdig, og <i>d</i> er ferdig fram til <i>dr</i> -. Nokre vanskelege normeringstilfelle står att i både <i>a</i> -, <i>b</i> - og <i>d</i> -bolkane.
c) Ein bør ha normert opp ev. tillegg som kjem i og med oppkoplinga av nye kjelder til Metaordboka.	Nye elektroniske setlar har kome til heile året, og dei har vorte kopla opp til Metaordboka.

6. Målføresynopsisen

Mål 2004	Resultat
a) Innan 1. mars bør ein introduksjon til synopsisen liggje føre i eit format som høver med internettpresentasjon.	Dette vart gjort ved Hege Hellum til fristen.
b) Det bør samtidig utarbeidast ein indeks til målføresynopsisen som gjer det mogleg å bruke faksimileutgåva over nettet.	NO 2014 har laga ein slik indeks, men EDD har enno ikkje implementert denne indeksen i ein elektronisk versjon.

7. Forbetring og utviding av tilfang

Mål 2004	Resultat
a) Vi vil vidareføre arbeidet med å normere og tagge digitaliserte ordsamlingar i perioden 1. januar–30. juni. Målet er å ferdigstille åtte ordsamlingar i denne perioden. Vi disponerer til saman éi stilling til dette arbeidet i vårsemesteret.	Vi har normert og tagga ti ordsamlingar i 2004. Berit Oksfjellelv hadde dette som hovudarbeidsoppgåve i fyrste halvår. I tillegg har Astrid Nilsen-Nygaard, Anneke Askeland og Åshild Haugslund vore engasjerte i dette arbeidet.
b) Vi vil ta imot tilfang over nettet og leggje tilsende ord inn som elektroniske setlar. Ordninga må evaluerast kontinuerleg, særleg med tanke på tilhøvet mellom arbeidsbyrda og kvaliteten på det tilfanget som kjem inn.	Vi har lagt inn 14 500 elektroniske setlar i 2004. Tor Erik Jenstad, Eli Ellingsve, Øyalf Endresen, Berit Oksfjellelv, Oddrun Grønvik og Rebecca Boxler Ødegaard har lagt inn større ordsamlingar, medan dei andre redaktørane har lagt inn sporadiske tillegg i samband med orda dei har redigert.
c) Vi vil ta initiativ overfor EDD til å få lage eit nettbasert innskrivingsskjema for nytt tilfang, og vi vil utarbeide interne kvalitetssikringsrutinar for denne typen tilfang.	Pågangen frå publikum over nettsida har vore liten, og sidan EDD har hatt meir presserande oppgåver for oss i 2004, har vi ikkje prioritert å få utarbeidd eit slikt innskrivingsskjema.
d) Vi bør skaffe oss grunnlag for å vurdere korleis vi mest mogleg kostnadseffektivt	Filialen i Trondheim, særleg ved Ellingsve og Oksfjellelv, har prioritert innskriving av

kan auke tilfanget frå Finnmark og Nord-Troms.	elektroniske setlar frå Nord-Noreg. Vi har også prioritert ordsamlingar frå denne landsdelen. Hildur Hatlebrekke si setelsamling er skanna inn, men er enno ikkje tilgjengeleg i faksimileversjon i det elektroniske setelarkivet.
e) Det bør gjerast ei opprydding i heimfestingane i setelarkivet.	Vi har kome til at kvar einskild redaktør bør gjere denne typen opprydding når han/ho oppdagar inkonsekvens i samband med redigeringa.

8. Redigeringsprogram

Hovudmålet under dette punktet vart ikkje gjort eksplisitt i årsplanen, men det overordna målet har heile dette året vore å kunne ta i bruk eit velfungerande redigeringsprogram så raskt som mogleg for å greie å produsere band 5 på grunnlag av databasen til jul. Vi har vore heilt avhengige av EDD for å nå dette målet. I årsplan 2004 spesifiserte vi primært dei oppgåvene som vi visste ville liggje hos NO-redaksjonen, medan deloppgåvene ved EDD ikkje vart konkretiserte på same måte. Røynslene det siste året har vist at vi ikkje hadde eit realistisk bilete av omfanget og kompleksiteten av det arbeidet som låg framfor oss, men at vi og EDD har kome langt på dette siste året. Spesielt viste utskrifts- og satsproduksjonen seg å innebere store utfordringar på systemutviklingssida. Resultatet til slutt har vorte imponerende, og det har vekt internasjonal interesse. Det vil dessutan gje store tidsgevinstar i åra framover. Frå NO 2014 si side er det Oddrun Grønvik som har hatt ansvar for utviklingsarbeidet.

Mål 2004	Resultat
a) Hakeparentesen, krysstilvisingsfunksjonen og trestrukturen i innhaldsartikkelen bør vere uttesta innan 15. februar.	Desse elementa av programmet (hakeparentes, krysstilvisingsfunksjon og trestruktur) var på plass til påske 2004, slik at vi kunne ta programmet i bruk frå midten av april. Ein premiss for å ta i bruk ny programversjon var at kjelder, bruksmerkingar og anna skulle liggje i faste menyar. Menyar med kjeldelister, heimfestingar, bruksmarkeringar, språk, ordklassar, ordklassetilstand og grammatisk tilstand var definerte og på plass i programmet til april. Frå hausten 2004 har NO 2014 teke over ansvaret for å oppdatere og rette innhaldet i desse menyane.
b) Innan 15. februar bør dessutan utskriftvisinga vere i samsvar med	Utskriftsfunksjonen og typografifunksjonen vart kopla saman i ein

redigeringskonvensjonane, og ein bør kunne ta utskrift direkte av denne visinga.	samla og meir rasjonell arbeidsoperasjon. Satsbiletet vart revidert (i samarbeid med bokdesignar Øyvin Rannem) i juni–august 2004. Ny font (Enschedé, Lexicon) vart kjøpt inn og installert i august 2004. Spesialteikna var ferdigdesigna av Enschedé i september. Den nye metoden for satsgenerering vart teken i bruk i byrjinga av oktober. Orddelingsfunksjonen vart utforma som del av fotosatsfunksjonen, og vart lagd til i november–desember.
c) Før 30.06. bør den semantiske sorteraren vere teken i bruk.	Den semantiske sorteraren vart nedprioritert i høve til andre applikasjonsfunksjonar.
d) Prosjektet må ha levert kravspesifikasjonar for dei andre artikkeltypane innan 10. februar.	Desse spesifikasjonane vart leverte i februar.
e) Innan 30. juni skal prosjektet ha levert fullstendig stilark som EDD skal bruke som utgangspunkt for å lage eit typografisk kodingssystem.	Dette vart gjort.
f) I samband med at redigeringsprogrammet skal takast i bruk av redaksjonsgruppene, bør vi ha tenkt gjennom kva slags system vi vil ha for tilgjenge, lagring, kontroll og oppretting. Spesifikasjonane til dette redigeringsadministrative systemet bør vere leverte til EDD innan 15. februar.	Desse spesifikasjonane vart leverte til fristen.
g) Redigeringsprogrammet skal takast i bruk av tre redaksjonsgrupper 15. mars. I samband med dette må det skipast til eit opplæringsseminar.	Redigeringsprogrammet vart teke i bruk 10 april. Opplæringa skjedde fyrst i Oslo, så i gruppa i Trondheim.
	Vi etablerte ei gruppe med tre redaktørar (Engø, Gundersen, Runde) som skulle teste ut tidlege programversjonar i perioden januar–april. Dei arbeidde saman med Oddrun Grønvik. Dei medverka sterkt til at programmet var funksjonelt og utan store skjemmande feil då det vart teke i bruk i april. Dessutan fekk testargruppa i oppgåve å utarbeide ei rettleiing for bruk av redigeringsprogrammet. Denne rettleiinga har dei oppdatert i fleire omgangar parallelt

	<p>med vidareutviklinga av applikasjonen. Testargruppa arbeidde også med å leggje til rette eksisterande manus (NO 1–4) for innlegging i databasen, og to av dei (Engø, Gundersen) var heilt sentrale i den siste fasen av manusarbeidet. Dei to fanga opp variasjon og gjorde konsistensrettingar på tvers av basen etter at korrektoren var ferdig, og dei fungerte som responsgruppe i arbeidet med orddelingsfunksjonen.</p>
--	--

9. Nynorsk tekstkorpus

Mål 2004	Resultat
a) Korpuset skal innehalde 30 millionar ord til 1. juni 2004.	Dette målet vart ikkje nådd. Pr. 16. desember låg det 20 582 444 ord i korpuset.
b) Det store korpuset bør verte tilgjengeleg over nett til 1. juni 2004	Korpuset var tilgjengeleg over nett frå 1. juli.
c) Det skal gjennomførast to nye rundar med ordklassetagging i treningskorpus før 1. mai.	Dette vart gjort.
d) I tillegg til ordklassetagging vil tre personar i til saman 1–1,5 stilling også halde fram med å tagge opp tekster til innlegging. Pga. ordklassetagginga vil det meste av dette arbeidet verte gjort i perioden 1. mai–30. juni. Vi vil i hovudsak tagge opp to typar tekster denne våren, nyare Samlags-bøker og eldre digitaliserte tekster. Målet er å ha vorte ferdig med dei gamle tekstene til 30. juni, elles så mykje som mogleg av Tekstlab-tekstene og Samlags-tekstene.	Vi heldt fram med teksttagging hausten 2004. I perioden mai–desember vart det lagt inn 3 633 370 nye ord i korpuset. Mykje av dette var tagga opp av taggegruppa (Hauglund, Henriksen, Hellum, Askeland) på våren. Dei eldre tekstene vart med eit par problematiske unnatak lagde inn i korpuset til 1. juli. Frå Samlaget er tekster med til saman 1 561 918 ord lagde inn i perioden mai–desember. Tekstlab-romanane ligg enno ikkje inne i korpuset.

10. Blyanttilskrifter i Grunnmanuskriptet

Mål 2004	Resultat
a) Dei digitaliserte blyanttilskriftene i G-manus bør innarbeidast i Metaordboka i løpet av året.	Dette er ikkje gjort.
b) Digitalisering av blyanttilskriftene vil halde fram frå 15. oktober. Målet må vere å ha ferdig <i>l</i> ved årsskiftet.	Tilskriftene fram til <i>lei-</i> er digitaliserte.

11. Redigeringshandbok

Mål 2004	Resultat
a) Redigeringshandboka bør liggje føre til gjennomlesing innan 1. februar.	Vi har ein digital versjon som vert kontinuerleg oppdatert.
b) Det bør innarbeidast mønsterartiklar i manuskriptet innan 30. juni.	Dette er ikkje gjort.
c) Manuskriptet skal reviderast og ev. utbyggjast til hausten.	Manuskriptet vert kontinuerleg revidert, men noka stor utbygging vart ikkje gjort i haust.
d) Røynslene frå opplæringa i programmet bør ein dra nytte av i ferdigstillinga av redigeringshandboka.	Dette vert gjort kontinuerleg.

12. Formidling og informasjon

Mål 2004	Resultat
a) Prosjektet bør verte presentert på Euralex-konferansen i Lorient i juli.	Direktøren presenterte prosjektet i eit føredrag.
b) Nettstaden vår bør byggjast ut med ein engelsk versjon. Dette bør vere på plass før Euralex-konferansen, dvs. til 1. juli.	Den engelske parallellversjonen kom på plass til 1. juli.
c) Nettstaden bør generelt oppdaterast, og søkjesidene bør gjerast meir brukarvenlege. Dette bør ideelt sett vere gjort til 30. juni i samband med den engelske versjonen.	Dette vart gjort til 1. juli.
d) Vi bør presentere EDD sine databaseløysingar og prosjektet sitt søkbare materiale i eit sams oppslag i Apollon. Dette bør gjerast til fyrste nummer hausten 2004.	Dette er ikkje gjort.
e) Vi bør generelt halde fram med å presentere prosjektet og ordboka i oppslag i etermedium, aviser og tidsskrift, og på seminar og konferansar.	Vi har presentert prosjektet på eit arbeidsseminar i Brno, Tsjekkia. Vi har skipa til ein konferanse for nynorskforskarar med omvising i redaksjonen 3. desember. I tre plenumspresentasjonar og i ei omvising i redaksjonen presenterte vi prosjektet for 22 medlemmer av Det danske Sprog- og Literaturselskab 12. august. Vi har dessutan presentert nettstaden vår på ein konferanse i Volda 4.–5. november og på eit seminar i NFF den 19. november. Vi har fått fleire oppslag i aviser (sjå vedlegg 2, side XX), vi

	vart presentert i NRK sitt nye TV-program om språk ”Typisk norsk”, og i Frukost-TV. Trondheimsfilialen har vore særleg aktiv: Tor Erik Jenstad har eige radioprogram i NRK Trøndelag (”Dialektmagasinet”), og Eli Ellingsve har faste språkinnslag i Nordnorsk magasin.
f) Lars Vikør organiserer framleis levering av artiklar til ”Dagens ord”.	Dette er gjort. Desse har levert ordomtalar: K. Skadberg, L. S. Vikør, Å. Runde, D. Worren, L. Killingbergtrø, O. Almeningen, A. T. Engø og E. J. Ellingsve
g) Vi må arbeide med ei ny brukarrettleiing som skal følgje band 5.	Vi har disponert brukarrettleiinga, men er enno ikkje i gang med skrivinga. Trykkjefinansieringa kom ikkje på plass i 2004, slik at vi no tek sikte på å la rettleiinga følgje band 6.

13. Kompetanseutvikling

Mål 2004	Resultat
a) Rettleiinga i redaksjonsgruppene bør halde fram.	Dette er gjort.
b) Vi skal arrangere to seminar, eitt i juni og eitt i desember, der det også vil verte gjeve opplæring. Dessutan vil vi skipe til eit innføringskurs i det nye redigeringsprogrammet i mars.	Vi arrangerte juni- og desemberseminaret som planlagt. I tillegg arrangerte vi opplæring i den nye applikasjonen i april, og vi hadde eit internt fagseminar om redigering av særleg krevjande ord i oktober.
c) Frå og med 1. september vil vi lage ei ny redaksjonsgruppe, som dels skal arbeide med Metaordboka, dels verte lært opp i redaksjonelt arbeid.	Den nye redaksjonsgruppa arbeidde med Metaordboka frå og med 1. august, og fekk redigeringsopplæring frå 15. september.
d) Vi bør vere representerte på datalingvistikkurs i Pisa i mai.	Vi var ikkje med på dette kurset (som vart flytta til september), fordi det fekk ei vinkling som var mindre relevant for oss.
e) Vi bør vere representerte på Lexicom, arbeidsseminar i leksikografi og dataleksikografi i Brighton i juni.	Arbeidsseminaret vart flytta til København, og vi var representerte med to deltakarar.
f) Vi bør sende ein delegasjon til Euralex i Lorient i juli.	Vi var til saman ni deltakarar i Lorient i juli.
g) Vi bør få organisert eit puljekurs ved USIT i UNIX/emacs. Dette er aktuelt for dei som testar programmet, og for	Dette vart arrangert over to kursdagar våren 2004 med ti deltakarar frå NO 2014.

taggargruppa.	
h) Dei som er interesserte i det, bør få høve til å følgje leksikografiseminaret ved SLM våren 2004.	Berre éin tilsett følgde kurset og tok eksamen.

Vedlegg 2. Publikasjoner og foredrag i 2004

Individuell publisering

Almenningen, Olaf. Ein leksikografisk hjørnestein. Bokmelding om nyutgåve av Ivar Aasens ordbok. Ord om Ord 2004

Almenningen, Olaf. To ordbøker frå Voss med 60 års mellomrom. I "Gamalt frå Voss" 2004.

Almenningen, Olaf. Nynorsk språknøkkel (nynorsk minigrammatikk). Fast salsartikkel i *Dag og Tid*.

Almenningen, Olaf. To kronikkar om sidemålssaka i *Klassekampen*. Hausten 2004.

Bakken, Kristin. Nettstaden til Norsk Ordbok 2014 [Populærvitskapleg foredrag]. Nynorsk på nettet, seminar; 04.11.2004 - 05.11.2004

Bakken, Kristin. Norsk Ordbok i 2004. *Ord om ord. Årsskrift for Avdeling for leksikografi*. 2004;10:8-13

Bakken, Kristin. Turning a dictionary around – Norsk Ordbok 2014 [Vitskapleg foredrag]. The 11 th Euralex international congress; 06.07.2004–10.07.2004. Publisert i: *The 11th Euralex international congress. Proceedings, vol. 1*

Bakken, Kristin; Grønvik, Oddrun; Ridings, Daniel. Norsk Ordbok 2014 (The Norwegian Dictionary 2014) [Vitskapleg foredrag]. Third International Workshop on Dictionary Writing Systems (DWS 2004); 06.09.2004–07.09.2004

Ellingsve, Eli Johanne. Fjellnavn i Støren. *Bygdabladet for Støren, Rognes og Snøan* 2004:27-29

Ellingsve, Eli Johanne. Norsk ordbok, Hallfrid Christiansen og kvæfjordord [Populærvitskapleg foredrag]. Kåseri 2004

Ellingsve, Eli Johanne. Ord i nord. *Nordnorsk Magasin* 2004(1/2):14-15

Ellingsve, Eli Johanne. Ord i Nord. *Nordnorsk Magasin* 2004(3/4)

Ellingsve, Eli Johanne. Ord i Nord. *Nordnorsk Magasin* 2004(5/6):14-15

Ellingsve, Eli Johanne. Ord i Nord. *Nordnorsk Magasin* 2004(7/8):14-15

Ellingsve, Eli Johanne. Svalbards navnehistorie. *Motskrift* 2004(2):11-17

Ellingsve, Eli Johanne. Voices in the North-Atlantic Room. Words that denote cross-cultural contact around the Atlantic in Medieval Times. [Vitskapleg føredrag]. Forelesning 2004

Endresen, Øyalf; Jenstad, Tor Erik. I ordets teneste. Gemini [Avis] 01.04.2004

Fjeld, Ruth E Vatvedt; Vikør, Lars S.. Forord. *Ord om ord. Årsskrift for Avdeling for leksikografi.* 2004(10):iii–iv

Grønvik, Oddrun. Eit stort verb i ordboksform. Om redigeringa av verbet "ha" i Norsk Ordbok. [Vitskapleg føredrag]. Instituttseminar INL; 23.04.2004–23.04.2004

Grønvik, Oddrun. Er djevelen ein fanden med stor bokstav?. *Ord om ord. Årsskrift for Avdeling for leksikografi.* 2004;10:22-26

Grønvik, Oddrun. Norsk Ordbok på nettet – eit skattkammer for ord-arbeidarar. NFF-seminar for nynorskomsetjarane fredag 19.11.2004 [Populærvitskapleg føredrag]. NFF-seminar for nynorskomsetjarane; 19.11.2004–19.11.2004

Grønvik, Oddrun. Svensk språkodling sett frå Noreg. Kommentar til Ulf Telemans bøker om "svenska språkvårdens historia" [Vitskapleg føredrag]. Svensk språkvård och språkpølitik i 400 år 2004

Harildstad, Gudmund; Lien, Mari. Vågå — sagt og skrivi gjennom ti'in.. Vågamo: Mållaget Ivar Kleiven. 2004. ISBN 82-7275-132-1. 28 s.

Jenstad, Tor Erik. Bannelista ved Smestad skole. Ukeslutt, NRK P2 [Radio] 04.09.2004

Jenstad, Tor Erik. Banning og skjellsord. Kanal 24 [Radio] 04.02.2004

Jenstad, Tor Erik. Berje og tramlag. Eit par nemningar frå den gamle korndrifta.. *Du mitt Nordmøre* 2004:162–167

Jenstad, Tor Erik. Biffrestauranten "Han steike" i Alta. Verdens Gang [Avis] 07.07.2004

Jenstad, Tor Erik. Boka "Norge rundt med ord". NRK Møre og Romsdal [Radio] 18.03.2004

Jenstad, Tor Erik. Dativ og dativbruk. Språkteigen [Radio] 21.03.2004

Jenstad, Tor Erik. Dialekten på Sunndalsøra (i høve 50-årsjubileet for aluminiumsverket). NRK Møre og Romsdal [Radio] 02.04.2004

Jenstad, Tor Erik. Eit "steiksokka" program. Dialektmagasinet på NRK Trøndelag. *Ord om ord, Årsskrift* 2004:56–61

- Jenstad, Tor Erik.** Garp og jute. *Bygdabladet for Støren, Rognes og Snøan* 2004:30–32
- Jenstad, Tor Erik.** Norsk Ordbok 2014. Balsam, NRK P1 [Radio] 01.07.2004
- Jenstad, Tor Erik.** "Sinnssykt" og andre forsterkande ord. Radio Adressa [Radio] 07.01.2004
- Jenstad, Tor Erik.** Skjellsord. Radio Adressa [Radio] 06.02.2004
- Jenstad, Tor Erik.** Vantarre og andre liknande ord. Språkteigen [Radio] 08.02.2004
- Karlsen, Knut E.** Euralex 2004 – artikkelsamling og kongress. *Ord om ord. Årsskrift for Avdeling for leksikografi.* 2004:35–41
- Vikør, Lars Sigurdsson.** Bustadnamn i Rygge og på Moss. *Nytt om namn* 2004(39):59–60
- Vikør, Lars Sigurdsson.** Dialektar som skriftspråk i tre norske distrikt. Oslo: Novus forlag 2004. ISBN 82-7099-400-6. 319 s.
- Vikør, Lars Sigurdsson.** Fleire trønderord. *Ord om ord. Årsskrift for Avdeling for leksikografi.* 2004;10:84–86
- Vikør, Lars Sigurdsson.** Folk og Fanden. *Ord om ord. Årsskrift for Avdeling for leksikografi.* 2004;10:27–29
- Vikør, Lars Sigurdsson.** Haldningar til importord i Norden. *Ord om ord. Årsskrift for Avdeling for leksikografi.* 2004;10:30–34
- Vikør, Lars Sigurdsson.** Kven har hatt makt i Norsk språkråd? *Språknytt* 2004;32(3–4):18–21
- Vikør, Lars Sigurdsson.** Language planning and norm concepts in Norway. I: *Málstefna – Language Planning.* Reykjavík: Íslensk málnefnd 2004. ISBN 9979-842-73-3. s. 211–227
- Vikør, Lars Sigurdsson.** Laurents Hallager: Norsk Ordsamling. Bergen: Fagbokforlaget 2004. ISBN 82-419-0294-8. 224 s.
- Vikør, Lars Sigurdsson.** Nordiske språkhaldningar i 2002. Ei meiningsmåling. *Språknytt* 2004;32(1):7–10
- Vikør, Lars Sigurdsson.** Noreg rundt med ord. *Ord om ord. Årsskrift for Avdeling for leksikografi.* 2004;10:79–80

Vikør, Lars Sigurdsson. Scandinavia vs. Norden. *Scandinavian Review* 2004; 92(1):40–45

Worren, Dagfinn. [Melding av] John Ole Askedal og Ann-Berit Aarnes Breder (red.). Ivar Aasen – vandreren og veiviseren. Oslo: Emilia forlag, 2002. 258 sider. *Maal og Minne* 2004(2):202–229.

Worren, Dagfinn. Third International Workshop on Dictionary Writing Systems. *Ord om ord. Årsskrift for Avdeling for leksikografi.* 2004(10):45–50

Worren, Dagfinn. Urbane heimfødingar? *Aftenposten* 2004(36):43–43

Vedlegg 3. Presseoppslag og annan fagleg aktivitet

Nokre av presseoppslaga i 2004:

Om framdrift og sjølve prosjektet NO2014:

- LNK-nytt (avisa for Landssamanslutninga av nynorsk kommunar) Nr. 1/2004 (februar)
- Dagsavisen 19.4.
- Dagsavisen 25.5.

Om flyttinga til Gaustadalleen 25. juni 2004:

- Uniforum 5/2004
- Uniforum nett.no 11.2.

Annan fagleg aktivitet:

Bakken, Kristin:

Frukost-TV NRK, 27.1.

Innlegg om forskingsleiing på HF-seminar om forskingsleiing 12.2.

P3-innslag om Norsk Ordbok, "Marthe", 11.3.

Undervisning på semesteremne i leksikografi 17.3.

Presentasjon av ordboksprosjektet for *Det danske Sprog- og Literaturselskab* i Gaustadalleen 25, Oslo, 12.8.

Arrangør for *Fagseminar i forskarnettverket i nynorsk skriftkultur. Nynorsk: Talemål, skriftmål og skulemål*, første konferanse i Nynorsk forskarnettverk, Gaustadalleen 25, Oslo, 3.12.

Ellingsve, Eli Johanne:

Populærvitskapleg artikkel: "Øksningen i Trøndelags historie". Artikkel i Trondheim seilforenings blad (TSF-nytt). 1,5 s.

Medieinnslag: Intervju i RadioAdressa (radiosending frå Adresseavisen) 22. januar om namnet Ingrid Aleksandra.

Engø, Anne; Gundersen, Helge; Runde, Ålov:

Redigeringsprogrammet til Norsk Ordbok. Rettleing. 2004.

Grønvik, Oddrun:

Akademisk koordinator ALLEX-prosjektet (NUFU 18/2002).

HF-representant og nestleiar i UiOs Nord-sør-utval (innanfor utvalet). Ansvarleg for å leie arbeidet med utarbeiding av utkast til internasjonal strategi for UiO 2005–2009 (no oversendt til administrasjonen). Medlem i NUFU-komité (i arbeid vinter 2003–2004) for "Application, Assessment and Allocation Procedures for the next NUFU period 2007–2011".

Deltakar på NUFU seminar 8.–10.11.2004: "Sharing Experiences and Visions. Planning for a new NUFU Phase", Makerere University, Kampala, Uganda, for å vere med på å presentere resultat av komitéarbeid, og med innlegg (saman med professor Herbert Chimhundu): "Results and Impacts from the NUFU cooperation: The ALLEX Project NUFU 18/2002".

Varamedlem for HF til styret i SUM (Senter for utvikling og miljø), UiO.

Hellum, Hege, Cecilie Hauglund, Solveig Rekdal:

Stod på stand for Norsk Ordbok på Vidaregåande skule-dagen på Blindern, 11.3.

Jenstad, Tor Erik:

Ta Norge i bruk – også språkleg. Føredrag på presentasjon av vårens kurs, AOF og Aftenskolen. Ark Bruns Bokhandel, Trondheim, 24.1.

Intervju om banning i magasinet Mann, februar 2004 (saman med Knut Tarald Taraldsen og Magnus Ljung)

Kåseri om dialektar i Malvik. Malvik historielag og Historielaget Hommelviks venner, Motrøtunet, Hommelvik, 12.2.

Kåseri om dialektord og ordbruk for AOF-utsendingar i Møre og Romsdal og Trøndelag. Quality Airport Hotell, Stjørdal, 16.2.

Dialekttreff Stadsbygd, 28.2.

Kåseri om dialektar på årsmøte i Byneset Historielag, Rye samfunnshus, 4.3.

Lokalt dialektmagasin på kulturkveld i Ålen (Graftås samfunnshus), 5.3.

Dialektkveld Verdal Historielag, Stiklestad (innleiing pluss spørsmålsrunde), 11.3.

Føredrag pluss spørsmålsrunde på årsmøte i Melhus Historielag, 17.3.

Føredrag på årsmøte i Snåsa Historielag, 19.3.

Kuskitprat. Kåseri på årsmøte i GENO, Stjørdal, 15.4.

Tre norsktimar på Malvik v.g. skole (Malvik-dialekt, talemålsutvikling), 20.4.

Skjellsord og anna bannskap. Føredrag på nasjonalparkdagane, Sunndal Nasjonalparksenter, Gjøra, 28.8.

Norsk Ordbok – eit nasjonalt ordboksverk med ein snev av monumental galskap, med ei lita bruksanvising. Føredrag på kurs for bibliotekarar, Trondheim folkebibliotek, 2.9.

Kåseri og dialektkveld Å Samfunnshus, Meldal, 17.9.

Kåseri og dialektkveld Budalen, 16.10.

Kåseri på medlemsmøte i lokallaget av LHL, Trondheim (Lian Restaurant), 11.11.

Dialektkveld Verdal Historielag, Stiklestad, 23.11.

Kåseri i Trondheim Førerhundklubb, Blindeforbundet i Trondheim, 4.12.

Språkspalte Aura Avis, Sunndalsøra, kvar laurdag gjennom heile året
Skjellsord- og ordtaksspalte på Studentradioen, tysdagskveldar vinteren 2004 (direkte på lufta som gjest 27.1.).

Små innslag om tabuord i ”Juntafil”, NRK petre, gjennom sommaren 2004.

Kommentarar/konsulenthjelp til Hallvard Morken: ”Som sagt VI” (siste hefte av ordsamling frå Orkdal).

Gundersen, Helge; Jenstad, Tor Erik:

Rapport frå kurset Lexicom 2004. I: Ord om ord 2004, 51–52.

Harildstad, Gudmund:

Medlem i bokkomiteen på SLM.

Karlsen, Knut; Vikør, Lars:

Fagleg innslag om Norsk Ordbok i fjernsynsprogrammet *Typisk norsk* på NRK 1, 7.4.2004.

Killingbergtrø, Laurits; Dagfinn Worren:

Tre redaktører i Norsk Ordbok takkar av i *Ord om ord* 2004: 96–99.

Vikør, Lars S.:Verv:

Nettverksmedlem i prosjektet "Moderne importord i Norden"

Undervisning på og leiing av semesteremnet i leksikografi (vårsemesteret)

Redaksjonsmedlem "Ord om ord"

Føredrag i Gjerdrum Lion's Club 3.5.04: "Ord på vandring og ord i mottak"

Sensor på nordisk mellomfag ved Høgskolen i Agder (vårsemesteret)

Sensor i indonesisk ved Københavns Universitet

Medlem i opprykkskomité for Dagfinn Worren

Medlem i doktorgradskomiteé for Thore Roksvold

Medlem i Norsk språkråd og varamedlem i fagnemnda

Sensor i indonesisk ved Gateway College / Høgskolen i Telemark

Medlem i doktorgradskomiteé for Samukele Hadebe (University of Zimbabwe)

Worren, Dagfinn:Verv:

Representant for UiO ved Nynorsk kultursentrum

Ansvarleg for subseksjon for nynorsk.

Medlem i bokkomiteen på SLM.

Anna publisering:

Laurits Killingbergtrø; Dagfinn Worren: Tre redaktører i Norsk Ordbok takkar av i *Ord om ord* 2004: 96–99.

Worren, Dagfinn. *Ivar Aasen-almanakken 2005*. Oslo: *Dag og Tid* 2004. ISBN 8281150009. 136 s.

Deltaking på konferansar og kurs 2004:

The 94th Annual Meeting of The Society for the Advancement of Scandinavian Study, Redondo Beach/ Kanada, 15.–17.4.: 1 deltakar.

EURALEX 2004, Lorient/ Frankrike, 6.–10.7.: 9 deltakarar.

LEXICOM 2004: "A training workshop in lexicography and lexical computing", København/ Danmark, 16.–20.8.: 2 deltakarar

Conference at Hotel National on *Emigrant Literature and Emigrated Authors. The Nordic Countries in a World Perspective*, Viale Vespucci 42, Rimini, Italia, 31.8.–6.9.: 1 deltakar.

DICTIONARY WRITING SYSTEMS (DWS 2004), Brno, Tsjekia, 5.–7.9.: 5 deltakarar.

Seminar for korpuslingvistikk, Kristiansand, 7.10.: 1 deltakar.

Nynorsk innhald på internett, arbeidskonferanse med boknatt i Ivar Aasen-tunet, Ørsta, 4.–5.11.: 3 deltakarar.

Fagseminar i forskarnettverket i nynorsk skriftkultur. Nynorsk: Talemål, skriftmål og skulemål, Gaustadalleen 25, Oslo, 3.12.: 16 deltakarar.

Gjester hos NO2014 i 2004:

Ebba Hjorth og Jørg Asmussen frå Den danske ordbog, 10.2.

Det danske Sprog- og Literaturselskab, 12.8. (22 stk)

Stephen Walton, Ivar Aasen-institutt, Høgskulen i Volda, 20.8.

Paul van der Laan, Enschedé Font Foundry, Nederland, 24.8.

Ottar Grepstad, Nynorsk kultursentrum, Ørsta, 8.10.

Arne Sigurd Haugen, Nynorsk pressekontor, 10.11.

Jens Erlandsen, iLex, 22.11.

Nynorsk forskarnettverk på omvising, 3.12.